

# Skulekrinsar i Ulstein

## Innleiing

Skulekrinsar skal vedtakast som forskrift. Kommunen har myndighet til å fastsetje forskrifter om skolekrinsar, og dette er regulert i opplæringslova. Forskriftene skal sikre at elevane får plass på den skulen som ligg nærest heimen, og dei må kunngjerast i Norsk Lovtidend i samsvar med forvaltningslova. Det gjerast ved å sende forskrifta til Lovtidendredaksjonen i Lovdata.

## Forskrift om nærskule og krinsgrense i Ulstein kommune

**Forskrift om nærskule og krinsgrense blei sist fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel lov § 2-6 i opplæringslova.**

I forskrifta er skulekrinsane definert slik:

### **Skulekrinsar i Ulstein:**

*Med bakgrunn i geografiske og busetnadsmessige tilhøve, har ein denne nærskuleinndelinga i Ulstein kommune:*

- *Haddal skule – krinsane Eiksund (Gjerde til Havåg) og Haddal (Fjelle, Ringstaddalen, Haddal, Garnes)*
- *Hasund skule – krinsane Dimna (Indre Dimna til Skjerva), Hasund (Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, Ertesvåg, Hasund, Gardshol, Strandabøen)*
- *Ulstein skule – krinsane Flø, Ulstein (Gåsneset til Skeide)*
- *Ulsteinvik barneskule – sentrumskrinsen*
- *Ulstein ungdomsskule – heile kommunen.*

### **Skulekrinsane i Ulstein kommune**

#### *Haddal skule:*

Område avgrensa frå Gjerde aust i Eiksund krins til og med Havåg/Aursneset, vidare Haddalbygda med Solsida byggffelt, Ringstaddalen til og med Fjelle, samt Garnes frå kommunegrensa ved bruhaugen til og med Kvalneset.

#### *Hasund skule:*

Heile Dimnøya – med nordvestsida frå og med Indre Dimna, Ytre Dimna, Hellestøa, Vågane til og med Skjerva, austsida med Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, vidare sørsida med Sundgotmarka/Kjerringneset til og med Ertesvågane. Så aust om Straumen frå og med Botnen, Garshol, Hasund til og med Strandabøen.


*Ulstein skule:*

Krinsen omfattar heile Flø, samt strekninga Gåsneset – Skeide. Grensa mot Ulsteinvik krins går mellom gardsnr. 6 og gardsnr. 7.

*Ulsteinvik barneskule:*

Sentrumskrinsen går frå Halseneset i vest, omfattar sentrum, byggefelta frå Bugarden til og med Varleite, Sauneset til Strandkrysset.

## Kart over skulekrinsane i Ulstein kommune



*Lenker:*

[Forskrift om krinsgrenser:](#)

[Vedtak i kommunestyret 27.06.2024:](#)

[Forskrift om nærskule og skulekrinsgrenser](#)